Korleis er vår omgang med materialar dannande?

Forfattar: Grethe Nina Hestholm, PPU-Y, Høgskulen på Vestlandet, HVL

Emne/tema/felt: Pedagogikk

Teoretisk rammeverk:
Praksis kan både vere demokratisk, dannande og frigjerande, men også autoritær, teknisk og undertrykkjande, skriv Hellesnes. Overgangen frå det eine til det andre skjer i overgangen frå omgang med menneske til omgang med ting, eller meir generelt; i overgangen frå dialog til monolog (Hellesnes 1969/1992, s. 87 og 91). På same måte hevdar Hans Skjervheim at overtyding føreset eit subjekt-subjekt-forhold og har med dialog å gjere, medan overtaling føreset eit subjekt-objekt-forhold og har med manipulasjon å gjere (Skjervheim, 1976/1992, s. 73-74).

Dei skildrar - nokså nedsettande - all vår omgang med materien som teknikk (Skjervheim 1976/1992, s. 68; Hellesnes 1969/1992, s. 90). Med dette vil dei seie at forholdet er monologisk, einsidig styrt og kontrollert av mennesket som forvaltar materialet. Men er det eigentleg slik? Er det ikkje noko dialogisk, dannande i vårt samspel med materialar?

Ein leireklump set klare premiss for korleis den kan handsamast. Den må vere litt fuktig, elles sprekkjer den opp. Men tar vi på for mykje vatn, går den heilt i oppløysing. Leireklumpen svarar på handlingane våre; det er vårt samspel med leireklumpen – som ikkje lar vere å gå i oppløysing fordi om vi ikkje har lært dette med å fukte rett – som avgjer korleis resultatet blir. Det er vår dialogiske innstilling - vår evne til å respondere på dei tilbakemeldingane materialet gir oss - som avgjer resultatet.

Det er gjennom dialogen med materialane verda får meining; Borna relaterer seg til verda på ein aktiv, praktisk og personleg måte. Interessa er avhengig av erfaringane og av materialet som ligg føre, skriv Dewey (1916, s. 340). Merleau-Ponty (2012/1945, s. 8) argumenterer for at alt medvit er bygd på perseptuelt medvit og all tenking er rotfesta i praktisk-perseptuelle erfaringar, erfaringar som tilfører oss vår grunnleggande tru på verda. Men dette blir ikkje tatt omsyn til i læreplanen, som er teoretisk, logisk og splittar verda opp i disiplinar. Vi motarbeider dermed den ånda av heilskap og interaksjon som borna lever i (Dewey 1900/1902/1990, s. 183-186).

Metodologi/design: Den vitskapsteoretiske posisjoneringa er fenomenologisk. Det betyr at arbeidet tar utgangspunkt i nokre grunnleggande fenomenologiske oppfatningar og målsettingar, som å føre oss tilbake til «tinga i seg sjølve», slik vi oppfattar dei før vi objektiverer dei via konseptuelle vurderingar. For å drøfte korleis kunnskapsrepresentasjonen i obligatorisk skule påverkar haldningane og definerer handlingsromet til enkeltmenneska i materialet brukar eg fenomenologiske, pragmatiske og danningsfilosofiske teoriar. Metoden for datagenerering er kvalitative intervju. Analysemetoden er også fenomenologisk.

Forventa konklusjonar/funn: Med tilgang til den konkrete, situerte livsverda kan vi bli i stand til å sjå og validere løysingar som tar omsyn til heilskapen. Ei einsidig

kunnskapsposisjonering hemmar kunnskapsutviklinga og forhindrar den fruktbare osmosen mellom kategoriane (Hestholm, 2017, 2017b og 2020).

Relevans for feltet: Med ein likeverdig representasjon av praktiske og teoretiske kunnskapar i obligatorisk allmennutdanning vil alle elevar få grunnlag til å finne, eige, utforske, eventuelt kritisere og korrigere dei kunnskapane og haldningane som individ og samfunn orienterer seg etter (Dewey 1916, s. 100-102, 114-116). Desse visjonane kan ikkje realiserast så lenge elevane blir differensierte innanfor det standardiserte, akademiske skulesystemet (Hestholm & Jobst, 2019). Dette understrekar behovet for ei grunnleggande demokratisering av obligatorisk skulepensum, og som ei følgje av det, ei kunnskapskulturell representativ rekruttering til lærarutdanninga.

Litteraturliste

Dewey, John (1916). *Democracy and Education: An Introduction to the Philosophy of Education*. New York: Macmillan.

Dewey, John (1902/1900/1990): *The School and Society. The Child and the Curriculum.* London: The University of Chicago Press, Ltd.

Hellesnes, Jon (1969/1992). Ein utdana mann og eit dana menneske. I Erling Lars Dale (Red.), *Pedagogisk filosofi* (s. 79-103). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Hestholm, Grethe Nina & Solvejg Jobst (2019) Educable or not? Teacher's alternatives when connecting curriculum to pupils, Journal of Curriculum Studies, DOI: 10.1080/00220272.2019.1650117

Hestholm, Grethe Nina (2017). Kritiske refleksjonar om praksiskunnskapens stilling i det obligatoriske grunnskuleløpet – Ein fenomenologisk analyse av møtet mellom pensum og elev. *Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk*, Vol. 3, 2017, pp. 1–18. http://dx.doi.org/10.23865/ntpk.v3.503

Hestholm, Grethe Nina (2017b). Å «faktisk oppleve materialar» Ei kritisk drøfting av Hannah Arendts Vita activa. *Norsk pedagogisk tidsskrift,* nummer 4/2017, s. 315 – 327. DOI: 10.18261/issn.1504-2987-2017-04-04 https://www.idunn.no/npt/2017/04/aa_faktisk_oppleve_materialar

Hestholm, Grethe Nina (2020): Kva talar for ein likeverdig representasjon av praktiske og teoretiske kunnskapar i obligatorisk skulepensum? Kunnskapsteoretiske, danningsfilosofiske og utdanningssosiologiske argument (Doktoravhandling). Høgskulen på Vestlandet. Sendt utgjevar, under vurdering.

Merleau-Ponty, Maurice (2012/1945). *Kroppens fenomenologi.* Bokklubbens Kulturbibliotek.

Skjervheim, Hans (1976/1992). Eit grunnproblem i pedagogisk filosofi. I Erling Lars Dale (Red.), *Pedagogisk filosofi* (s. 65-78). Oslo: Gyldendal Akademisk.